

## **STRANDEBARM 2011+**

c/o Alf H. Brekke, Tangavegen 284  
5620 Tørvikbygd

Rapport nr.: 2011-ST-1, rev.0  
Dato : 31.03.2011  
Side: 1 /1

## **STRANDEBARM 2011- Statusrapport pr. 31.mars.2011**

### 0. Introduksjon:

Prosessen kring prosjektet "Strandebarm 2011+" modnast og skrir fram, litt om senn.  
Ei initiativgruppe (Ad hoc) er no i oppstartfasen. Initiativgruppa nyttar arbeidstittelen : " Strandebarm 2011 +"

### 1. Mål : **Strandebarm – Eit harmonisk, stadig meir moderne samfunn der både naturen og folka blømer!\*)**

\*) = Førerels formulering

### 2. Prosess /Bakgrunn : Sjå utkastet til prosjektplanen: STRANDEBARM 2011+

### 3. Primære ressursar:

- 3.1. Innbyggjarane og dei framtidige, tilstrøymane kundane
- 3.2. Strandebarm Arena (utgjort av Strandebarm Skule – Utfasa 2009.
- 3.3. Tilgongen på data- breiband
- 3.4. Tradisjonell dugnad
- 3.5. Godt humør
- 3.6. Trua på ei ljos framtid for både samfunnet og den einskilde

### 4. Framdrift.

4.1 Modningsprosessen er kommen i gong. Tal personar som støttar prosjektet har auka.  
Spesielt er fleire kvinner komne med!

### 4.2. Ei førebels synfaring av Skuleanlegget vart gjennomført 18. februar 2011.

Status: Bygningane og området framstår som ein glimrande ressurs for prosessen vidare!  
Kvam Herad har tatt godt vare på det meste etter at skulen vart lagt ned.

### 4.3. Det er tanken å gjennomføre ei ny synfaring når vinteren slepper taket og snøen forsvinn.

Spesielt er det nødvendig å fokusere på tilstanden på taka. Det er klart at det lyt gjerast ei storvøla på taket av barneskule- delen. Her er fleire lekkasjar og det lyt planleggjast ei kortsiktig og ei langsiktig vøla. Taktekniske analysar har så vidt tatt til.

### 5. Økonomi

#### 5.1 I første omgang lyt det gjerast ein intensjonsavtale med Kvam Herad.

5.2 Via grunnanken om at ei av dei viktigaste oppgåvene vil vera å legge til rette for effektivt entreprenørskap, utøvd av flest mogeleg villige "spirer" bør den økonomiske terskelen for aktuelle personar sjølv sagt gjerast fornuftig/ låg..

### 6. Oppstart – Prosjekt- kveik:

6.1 Vi har spesielt etablert kontakt med Dag Jørund Lønning. Han er rektor ved Høgskulen for Landbruk og Bygdenæringer. Sjå gjerne desse lenkane:<http://www.hlb.no>    <http://www.etablerer.no/>  
<http://www.bt.no/mening/kronikk/AA-verdiskapa-eller-bli-verdiskapt-1246936.html>

Han har uttrykt seg oppglødd over konseptet han fått tilsendt. Planen er å einast om ein dato for eit bygdemøte våren 2011. Vi vonar stort frammøte og mange kveikande tankar!

### 7.0 Anna /Ymse:

Ymse signal tilseier at prosjektet vil bli ført vidare i tråd med intensjonen i det utkastet til Prosjektplan som føreligg pr. dato. Vegen vidare er tenkt å verta til medan gjennom prosessen. Jfr. Vedlegg

for Ad Hoc gruppa Strandebarm 2011+

Alf H. Brekke - 91894757